

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

---

<b>Dato</b>	17.08.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/63673-3
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Bjørnar Tjoflot
<b>E-post</b>	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
<b>Telefon</b>	99100814

## Høyringsuttale til planendringssøknad og forlenging av byggefrist for Aldselva kraftverk i Samnanger kommune

### Bakgrunn for søknadar

NVE fekk søknad om planendring for Aldselva kraftverk fyrst 14.09.2020, så ei justert planendring 23.01.2023. Dei fekk òg ein søknad om utviding av byggefrist med fem år 29.03.2021.

NVE kan forlenga byggefristen ein gong med inntil fem nye år. Opphavelag konsesjon er frå 2016 og denne konsesjonen er allereie utvida med fem år. Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at den krev kunngjering og brei offentleg høyring. Søknadene er difor berre sendt på avgrensa høyring til dei som tidlegare har uttalt seg i saka. Det er felles høyring av søknadane, NVE ber høyringspartane senda uttalar til begge søknadar i same høyringssvar.

I samband med behandling av forlenga byggefrist, skal NVE vurdere om det har kome inn nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje bør forlengast. NVE ynskjer difor berre innspel som gjeld ev. nye forhold som kan vera viktige for konsesjonen sidan saka vart behandla i 2016.

Endringane omsøkt i planendringane skal takast i betraktning i vurderinga av forlenga byggefrist.

### Næring og klima

Planendringa det søkjast om gjev betre massebalanse i prosjektet og tek mykje ned behovet for massetransport til øvre del av tiltaksområdet.

Søklar argumenterer for at tiltaket tek betre omsyn til landbruk ved kraftstasjon og utlaup etter planendring. Etter anleggsperioden skal deponiområde tilbakeførast til lettdrive jordbruksareal. I tillegg trengst ikkje lengre 190 m tilkomstveg til kraftstasjonen etter planendring.

### Kulturminne

Seksjon for kulturarv har vurdert saka som regional kulturminnemynde.

Vi viser til tidlegare fråsegn i saka seinast i e-post av 30.05.2016 vedrørande arkeologisk registrering der dåverande Hordaland fylkeskommune, ved Fylkeskonservatoren, viser til oversendelse av NVE sin tillatelse til Aldselva kraftverk datert 02.05.16 og vårt høyringsfråsegn vedrørande konsesjonssøknad.

Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før ev. iverksetjing av tiltak.

Vi ber om å få tilsendt detaljert plankart slik at vi kan utarbeide kostnadsoverslag for arkeologisk registrering.

### Friluftsliv

Seksjon for fysisk aktivitet og inkludering, fageining idrett og friluftsliv, har vurdert saka ut frå eit friluftsfagleg perspektiv.

Aldalselva og Fitjavatnet er ikkje utbygd per i dag. Området er kartlagt for friluftsverdiar i 2018, og er del av eit større samanhengande område som er kartlagt som viktig friluftsområde/ utfartsområde. Området er i faktaark i Naturbase skildra som eit område med mange turstiar, og er svært mykje brukt. Det er skildra at det kan bli behov for fleire parkeringsplassar ved auka bruk. Rundt Fitjavatnet er det fleire gamle stølar som i dag er mest brukt som hytter. Det går ein tursti langs med elva i botnen av dalen, og kartlegginga som viktig friluftsområde omfattar botnen av dalen heilt ned til Slåtta/ Samnangervegen. Det er grunn til å tru at området har størst verdi som nærturterreng, men er og registrert med middels verdi for regionale og nasjonale brukarar. Tiltaket Aldalselva kraftverk med tilhøyrande inngrep kjem såleis i konflikt med viktige friluftssinteresser. Planendringa det er søkt om vil i høve til tidlegare plan gje eit mindre inngrep, men det totale tiltaket er av stort negativt økologisk omfang.

Nordre del av vatnet Fitjavatnet er del av eit samanhengande inngrepsfritt naturområde (inon-område), sone 2. Vassregulering/ senking på meir enn ein meter er definert som tyngre teknisk inngrep, og tiltaket vil dermed redusere eit inngrepsfritt naturområde i Samnangerfjella. Inngrepsfri natur er ein av åtte miljøindikatorar til nasjonalt miljømål 1.1 «Økosystema skal ha god tilstand og levere gode økosystemtenester».

Når det gjeld sjølve elva vil redusert vassføring i denne føre til endring av livsmiljø for artar knytt til elva, samt at opplevingskvalitetane for friluftsliv blir forringa. I NNI-rapport utarbeida i 2011, er mellom anna temaa landskap og friluftsliv utgreia. Det er her skildra at det er i særleg øvre del av Aldalselva at elv og elvelandskap er godt synlege og viktige element i landskaps- og friluftslivsopplevinga. Legging av røyrgate vil medføre inngrep i gjenstående parti med rik lauvskog, noko som og påverkar friluftslivsopplevinga i skogsområda. Rapporten konkluderer i 2011 med middels verdi for friluftsliv i området (ein nedvurderinga av tidlegare konklusjon frå 1989 då vurdering av verdikriteria *dagens bruk* og *regional situasjon* vart sett til stor verdi), og middels negativ konsekvens for friluftsliv som resultat av inngrepet. Sett i lys av at kartlegginga i 2018 syner til at det er større regional bruk enn det som er skildra i 2011, må ein og ta dette med i vurderinga.

I dag har vi eit større kunnskapsgrunnlag når det gjeld kor viktig nærturterreng er for folkehelse, livskvalitet og bulyst, enn det rapportane fokuserte på i 2011. Det er såleis heller ikkje grunn til å leggje mindre vekt på verdien lokalt, enn om eit område har mange regionale brukarar. Uansett type brukar er det elva som er sentral for friluftslivsopplevinga i dalen – og sjølv om det vil vere noko restvassføring, tar ein bort eit hovudmoment ved å regulere Fitjavatnet og legge Aldalselva i røyr. Fageining idrett og friluftsliv vil på bakgrunn av det ovannemnde rå i frå å gi forlenga byggjefrist for Aldalselva kraftverk.

Med helsing

**Sølve Dag Sondbø**  
seksjonssjef  
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

**Bjørnar Tjøflot**  
rådgjevar  
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

SAMNANGER KOMMUNE

Tyssevegen 217

5650

TYSSE